



Referat FFU IF

Dato: mandag 14. oktober 2024

Tid: 10.15-11.45

Sted: HF-bygget: Seminarrom 371

Til stades:

Fra forskergruppene: Øyvind Gjerstad, Hild E. Hoff

Fra språkdisiplinene: Margje Post

Fra litteratur- og kulturdisiplinene: Torgeir Skorgen

Fra fagdidaktikkdisiplinene: Hild E. Hoff (vara for Kimberley Skjelde)

Fra gruppe B: Tijana Przulj, Mari Lund Eide

Saksliste:

9/24 Godkjenning av innkalling og agenda

Godkjent

10/24 Godkjenning av [forrige FFU-referat 21.02.24.](#)

Godkjent

11/24 Siste nytt fra HF FFU

Publiseringsstrategi

Forskingsskoordinator informerte om at HF ønsker ei arbeidsgruppe som skal jobba med publiseringsstrategien til HF.

Framleis uklart kva målet til arbeidsgruppa er.

Påfølgande diskusjon rundt moglege tema for HF FFU:

- Henta inn informasjon om allereie eksisterande tilbod som adresserer utfordringane HF nemner
- Ønske om oppdatering på korleis publiseringspoeng skal/ikkje skal telja i finansieringa
- Ønske om meir konkret informasjon om målet for arbeidsgruppa

Behandling av urederlighetssaker:

- Ta [e-kurs om forskningsetikk](#)
- Innspel til temamøte våren 2025
 - Ønske om avklaring og informasjon om når RETTE / SIKT-programma skal nyttast
 - Behov for case studies, i tillegg til e-kurs
- HF ønsker at lokale saker der ein ser brot på HF-etikk blir meldt inn, for å få ei oversikt over nødvendige tiltak

12/24 Handlingsplan for Ifs ph.d.-gjennomføringsprosjekt (vedtakssak)

Forslag til vedtak: Handlingsplan til IFs ph.d.-gjennomføringsprosjekt vedtas med eventuelle endringer.

Justeringer eller korrigeringer til handlingsplanen

- 1a/1c: Korleis sørge for at dette aktivt blir sirkulert og kommunisert når det kjem nye stipendiatar? Viktig at det blir følgt opp.
- 2c: Kva betyr «strive to» finansielt sett? Finst det pengepottar stipendiatar kan søka på?
- 3d: punktet bør også inkludera «and/or research group»
- 6c: Endra “Consider” til “encourage”
- 9a: Diskusjon rundt ordlyden og kva som bør inkluderast her. Sjå i samanheng med saka om fornying av forskarskulane
- 11a: Endra “social drinks” til “social gatherings”

Vedtatt med endringane – Laura kjem tilbake med konkrete formuleringar.

Prioritering for instituttet: Fornyelse av de lokale forskerskolene. Hvordan utfører vi det?

Forskingsskoordinator orienterte om bakgrunnen for temaet.

Hovudspørsmål:

- Korleis fungerer samarbeidet med LLE?
- Kva treng kandidatane av ein forskarskule?

Påfølgande diskusjon med forslag om å ta opp konkrete prioriteringar på neste FFU-møte

- Forskarskulane treng ein tydelegare profil slik at stipendiatane får innblikk i kva forskarskulane tilbyr
- Tydelegare intern ansvarsfordeling nødvendig
- Faste tema som gjentakast kvart semester – relevant for alle stipendiatar, uansett kva tema dei forskar på og kor i prosessen dei er
- Workshop-karakter på forskarskulane med ½ - 1 dagars treff både for å auka deltaking og det sosiale aspektet
- Ta kontakt med velfungerande forskarskular for å få idear og innspel
- Meir jobb under utviklings- og omleggingsprosessen, men når konseptet er på plass kan det vera tidssparande
- Bruka eksterne til å snakka om si erfaring med temaet (t.d. Kappe-skriving)
- God erfaring frå andre forskarskular, der stipendiatane leverer short papers om eit overordna tema som er relevant for alle – alle sender inn og får tilbakemelding

Laura oppsummerte:

- Bruka forskargruppene til tilbakemelding på fagtekstar frå avhandlinga
- Dette vil kreva tilpassing og at alle stipendiatar er ein del av forskargruppene
- Forskarskulen gjev ikkje nødvendigvis riktig ramme for å levera inn fagtekstar
- Sjå på andre moglegheiter til tekstproduksjon og tilbakemeldingar som er meir relevant for alle

Forslag:

- Utvikla årshjul for forskarskulane
- Både felles- og fagspesifikke tema
- Organisera eit fellesmøte med forskingskoordinatorar og forskingsleiarar på IF og LLE

13/24 Oppfølging av stipendiater (diskusjonssak)

Presisering: Gjeld stipendiatar som er utanfor finansieringsperioden

- Samanlikna praksis mellom ulike rettleiarar på ulike institutt – kva er praksis i dag?
- Overordna mål om at stipendiatar skal levera, men er ei grense for kor mykje ressursar som kan bli brukt over lang tid
- Korleis fungerer det me gjer no, der rettleiar i praksis fortset rettleiinga for desse stipendiatane (mtp. arbeidsrekneskapet, kompensasjon o.l.)?
- Ved andre institutt tar ein person over rettleiingsansvaret for alle stipendiatane og får kompensert arbeidet
 - Kombinasjon av tilnærmingane mogleg? T.d. føra ansvaret over til ein person ei viss tid etter finansieringa tar slutt, men ikkje med ein gong.
 - Viktig med lik praksis slik at det er forutsigbart for stipendiat og rettleiar
 - Forutsetning for at ein person tar over ansvaret er at det er klart kva rammene er – elles fare for at det blir personavhengig kva oppfølging stipendiatane får
- Finst ein administrativ plan for desse stipendiatane

Eventuelt